

Til generalforsamlinga i

**Voss og Omland Bompengeselskap AS**

**RSM Norge AS**

Strandavegen 11, 5705 Voss

Pb. 136, 5701 Voss

Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 56 52 04 00

F +47 56 52 04 01

[www.rsmnorge.no](http://www.rsmnorge.no)

MELDING FRÅ REVISOR

### Fråsegn om årsrekneskapen

Me har revidert årsrekneskapen for Voss og Omland Bompengeselskap AS, som viser eit resultat på kr. 0. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap, kontantstrømoppstilling og ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen og for at den gjev eit rettvisebilete i samsvar med reglane i rekneskapslova, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn naudsynt for å gjera det mogleg å utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at me fylgjer etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å få tilfredsstillande tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhenta revisjonsbevis for tala og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev eit rettvisebilete. Føremålet er å utforma revisjonshandlingar som er høvelege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er høvelege og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Me meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### *Konklusjon*

Me meiner at årsrekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvise bilette av den finansielle stillinga til Voss og Omland Bompengeselskap AS per 31. desember 2015 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

### **Utsegn om andre tilhøve**

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner me at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss , den 21. april 2016



Åse Steen-Olsen  
Statsautorisert revisor